

Steingard kan fjernast

05.03.2014

Kommunen har gjeve klarsignal for fjerning av ein steingard mellom to gardar i Uskedalen som Runar Myklebust driv. Steingarden mellom dei er grense og den er til nedfalls. Det gjer at mykle areal er sett ut av drift. Det veks opp ugras og kratt og innhaustinga vert vanskeleg.

Jordbukssjef Tore Eik har sett på steingarden og slå fast at han kan fjernast utan at det får negative konsekvensar for kulturlandskapet. Heller ikkje fylkeskommunen har kome med merknadar til tiltaket. Det skal vera avslutta innan 3 år frå no.

Jordbrukssjefen har også handsama ein søknad om nydyrking frå Endre Harald Wang. Han utvidar drifta med meir ammeku og har trong for å auka forgrunnlaget. Difor vil han dyrka opp eit areal som no vert nytta som beite.

Det er i dag prega av beiting med tunge dyr og ei oppdyrking vil verka positivt på kulturlandskapet, meiner Eik. Det er veg fram til området og det er ikkje kjent at det er kultuminne der. Saka går no til fylkeskommunen for uttale.

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen